

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Oslo, 28. november 2008

## **Høyringsuttale frå Nortura BA vedkomande forslag til samla forskrift om pristilskot i landbrukssektoren og forslag til forskrift om formidling av slike tilskot**

Me viser til brev av 29. sept 2008, og vil koma med følgjande synspunkt på høyringa.

### Innleiing

Nortura BA tek imot dyr, egg og ull frå over 25 000 produsentar over heile landet, og ei samla forskrift for pristilskot vil i hovudsak regulera tilhøve knytt til primærprodusentane. Eit unntak for dette er Frakttilskota, der omsetningsledda er direkte søkjar. Forskrifta om formidling av pristilskota har direkte relevans for omsetningsledda. Nortura har synspunkt på begge forskriftene. Omlegginga vil skapa noko forenkling i forskriftsbasen, og dette ser Nortura positivt på. Men forslaga inneheld også ein del realitetsendringar, og Nortura har sterke innvendingar mot deler av forslaga.

### **Forskrift om formidling av pristilskot**

Departementet gjer i høyringsbrevet greie for bakgrunnen for forslaget til ny forskrift. Det blir peika på at utbetaling av pristilskot er ein del av gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken, og dermed eit ansvar som kviler på LMD med underliggjande etatar. Eksisterande praksis der omsetningsledda har formidla utbetaling av pristilskota til produsent, har vore svært mangelfullt forankra i forskriftsform. Nortura er enig i at ein så sentral funksjon må forankrast betre, og at ei ny forskrift tek opp alle relevante sider ved ei ordning der private aktørar skal formidla offentlege budsjettmidlar. Forskrifta må ta opp kva som er formålet med delegeringa, kva vilkår som gjeld for delegering, prinsipp for vederlag og tydeleggjera ansvar og plikter for aktørane.

### *Formålet med delegering*

Bakgrunnen for at det offentlege, utan grunnlag i forskrift, i lang tid har delegert utbetalinga av pristilskota, skuldast at denne praksisen har vist seg å vera den suverent mest kostnadseffektive måten. Nortura støttar dette, men det kjem ikkje tydeleg nok fram i teksten i § 1 at forskrifta handlar om delegering av ei offentleg oppgåve.

#### **Nortura BA**

Postboks 360 Økern  
N-0513 Oslo  
Lørenveien 37  
Tel.: +47 22 09 21 00  
Fax: +47 22 15 59 08

Forbrukertelefoner:  
Gilde: 800 33 390  
Prior: 800 48 130  
www.nortura.no  
firmapost@nortura.no

Bank: DNB NOR Bank ASA  
Bank Norge: 7076 05 28623  
IBAN: NO41 7076 0528 623  
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX  
Org.nr.: NO-938 752 648 MVA

Bank EURO: 5002 0447 386  
IBAN: NO49 5002 0447 386  
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX

### Vilkåra for delegering

Forslaget presiserer at det ved delegering til private føretak skal setjast krav til at føretaket driv ein relevant aktivitet, og at denne aktiviteten vert driven innanfor nærare definerte rammer, jf. §§ 3 og 4. Nortura støttar dette.

### Prinsipp for vederlag ved delegering

Utbetaling av pristilskot er ein viktig del av gjennomføringa av landbrukspolitikken. Til saman er det svært store beløp som vert formidla, og utbetalinga skal skje til svært mange produsentar som driv ulike produksjonar, lokalisert i mange ulike tilskotssoner. Sidan pristilskota er mengdeavhengige, vil utbetalingane variera for kvar leveranse. Isolert sett ville difor forvaltning og utbetaling av pristilskota vera ei betydeleg administrativ oppgåve. Høyringsbrevet manglar fullstendig ei drøfting av dette aspektet.

Eksisterande forvaltningspraksis fungerer ved at alle dei ovannemnde funksjonane blir utført saman med oppgjeret for levering av dyr, egg eller ull. Ressursbruken ved å inkludera tilskotformidlinga i leverandøroppgjera er liten i høve til om tilskotsformidlinga alternativt skulle utførast som ein isolert operasjon. Samkjøringa har med andre ord gitt ein stor samfunnsgevinst, noko som også er formulert som motiv for å vidareføra praksisen. Nortura er samd i at dagens praksis fungerer godt.

Det er likevel slik at tilskotsformidlinga påfører Nortura eit visst ekstraarbeid. Ekstra punching, rapportering til SLF og vedlikehald av kompetanse på tilskotsreglar kan utgjera ein årleg innsats på inntil eit halvt årsverk. Det ville ikkje vera urimeleg å fastsetja eit vederlag for dette, men kostnaden for Nortura er likevel tålbar.

Nortura tek imot leveransar frå om lag 25 000 produsentar, og formidlar pristilskot til desse. Dei samla pristilskota i 2008 (utanom frakttilskotet) er for våre dyreslag iflg. Kap 1150 i overkant av 800 mill kr, og Nortura formidlar om lag  $\frac{3}{4}$  av dette. Oppgjersrutinane er ein del av konkurransen mellom aktørane i markedet, og produsentane får i praksis utbetalt pristilskota inntil 2 månader før Nortura mottar refusjon frå SLF. For å bøta på denne likviditetsbindinga, har det vore forvaltningsmessig praksis at SLF har utbetalt tilskotsmidlar a konto. Dette er grunnlaget for den eksisterande arbeidsdelinga, og me er samde med høyringsbrevet i at dette har fungert godt.

Nortura finn det rimeleg at også denne praksisen vert forskriftsfesta, på lik linje med sjølve delegeringa. Det er tvillaust at omsetninglegda er nøkkelen til den svært ressurseffektive, raske og sikre utbetalinga av pristilskota, og **det vil vera heilt urimeleg om dei som vederlag for dette skal påførast store kostnader**. Nortura vil derfor avvisa forslaget om at ordninga med a konto-betaling vert avvikla. Forslaget gjer greie for alternative ordningar, men Nortura finn det ikkje godt gjort at nye fagsystem kan gi same effekt, nemleg halda omsetningsleddet skadeslaust mtp. likviditetsbinding.

Nortura føreslår difor at §5 blir omarbeidd, og at dagens a konto-praksis vert forskriftsfesta.

Ansvarsforhold

Nortura sluttar seg til forslaget sine §§ 6 – 11, der ansvar, plikter og reaksjonar ved avvik blir regulert.

Overgangsregel §13

Nortura viser til det som er vår merknad til § 5, og ser ikkje at det eksisterande forslaget gir grunnlag for noko overgang frå dagens ordning. § 13 fell då bort.

**Forskrift om pristilskot i landbrukssektoren**

I forslaget til denne forskrifta er det mindre realitetsendringar enn i den forrige, og Nortura støttar i hovudsak forslaget. Unntaket er at me har viktige innvendingar mot oppheving av ullåret.

§ 6 Tilskot til norsk ull

Det nåverande ullåret har falle bort i forslaget til ny forskrift, og Nortura vil imøtegå noko av argumentasjonen i høyringsbrevet på dette punktet. Rasjonell drift ved ullstasjonane er heilt naudsynt for å oppnå høgast mogleg betalingsevne for norsk ull. Nortura ønskjer difor ei jamnast mogleg tilførsel av ull gjennom heile året og med styrt inntransport av ulla. Sjølv om slakteriklipping er innført før slakting, opererer me med like store mengder heimeklipp av livdyr som før (desse kan ikkje reisa ein tur på slakteriet for å bli klipt). Sesongen for klassifisering av heimeklipt ull startar i etterkant av slakteriullsesongen, og varer om lag frå november til april. Dette inneber at ein vesentleg del av heimeklipt haustull ikkje blir klassifisert før etter nyttår. Nortura meiner at eksisterande ordning med stabile prisar og tilskot gjennom ullåret gir eit sterkt bidrag til jamn levering og utnytting av kapasiteten på ullstasjonane. Ettersom ei endring i tilskotsramma vil vera kjent frå Jordbruksavtalen, vil alle produsentar ha god tid på seg til individuell tilpassing. Ei kvar satsendring frå 1. januar vil føra til store endringar i leveringsmønsteret, anten satsen går opp eller ned midt i ullsyklusen. Slike variasjonar i leveransane skaper utfordringar for neste ledd, med svekka betalingsevne som resultat.

Nortura vil derfor føreslå at ullåret vert vidareført, med iverksetjing av nye tilskotssatsar den 1. september. §6 vert følgjeleg å omarbeida i samsvar med dette. Det einaste logiske alternativet til dagens ullår vil vera å flytta datoen for iverksetjing av nye tilskotssatsar til 1. april. På det tidspunktet vil størstedelen av heimeklipt ull vera klassifisert, og då vil framleis ullåret framstå som nøytralt i høve til leveringsmønsteret.

Med helsing

Gunnar Dalen  
Direktør Næringspolitikk  
Nortura BA